

Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Dag Sverre Ekkje, Ingebjørg Nordby Seim, Helleik Rabbe, Ellen Drangevåg, Håkon Sandal, Torleif Fresvik, Svein Myrheim, Oddbjørn Lynghammar

Fravær: Randi Legård, Olav Tveita

Tid: 18. januar 2008 kl. 1900 - 2130

Sak 01/08: Ingen merknader til innkalling og godkjenning av protokoll

Sak 02/08: Konstituering og arbeidsfordeling i styret

Leder: Magnus Solbakken

Nestleder: Helleik Rabbe

Sekretær: Ingebjørg Nordby Seim

Styrehonorar: Leder: 10.000,- pr. år + telefon kr. 3000,-

Sekretær: 3000,- + telefon kr. 2000,-

Møtegodtgjering: 500,- pr. møte

Prokura: Magnus Solbakken, Ingebjørg Nordby Seim

Fullmakt til å gjeva gevinstar, premier osv. inntil 1000,-: Magnus Solbakken

Sak 03/08: Kjøp av kopimaskin

Fjellstyret treng ein kopimaskin, Magnus får fullmakt til innkjøp - multimaskin

Sak 04/08: Diverse skriv og meldingar

E-post og anna post:

05.11.07:	Perly Berge	Referat frå Landsmøte NFS 06
08.11.07:	Gunnar Misje	Søknad om fellingsløyve, villrein
08.11.07:	Vebjørn Kirkesæther	”
14.11.07:	Kjell Inge Skjerveggen	SV: Nupstjørn – Røldal
16.11.07:	Nfjells (H.J.Jahren)	Passord osv. For redigering av heimeside
19.11.07:	Nfjells	SV: Redigering – bilete frå Røldal, heimeside
19.11.07:	Hatikkala/Rasmussen	Fangstrappot: 21-22.9.07: 1 rype
20.11.07:	Nfjells	SV: Røldalsbilete – heimeside
22.11.07:	Dorthe Huitfeldt	Ref. Arbeidsgruppe – forvaltningsplan HV 10.okt
		Uttale HG – byggesaksrettileier
		Brev DN – oppklaring, landbruk
		Forslag til forvaltningsplan
22.11.07:	Kjell Inge Skjerveggen	Kurs – nye fjellstyre, ønskje om innspel
29.11.07:	Hardangervidda fjelloppsyn	Deltaking av andre grunneigarar
30.11.07:	Perly Berge	Info. Kurs nye fjellstyrer
04.12.07:	Dorthe Huitfeldt	Info. Ang. Statsbudsjettet
05.12.07:	iNatur	Info. Kartutsnitttenesta leggjast ned
07.12.07:	Nfjells	Sekretaritatavtale SfH
20.12.07:	iNatur	Tilbod om annonsering
20.12.07:	Nfjells	Julehelsing

21.12.07:	Ulvik fjellstyre	Møtebok 20.12.07
21.12.07:	Perly Berge	Forespørsel om GAB – stølsregistrering
30.12.07:	Ullensvang fjellstyre	Referat frå fellestyret 6.12.07
30.12.07:	Ullensvang fjellstyre	Referat frå fjellstyret 6.12.07
03.01.08:	Kjell Inge Skjerveggen	Program for kurs – nye fjellstyre
04.01.08:	Nfjells	SfH sitt nettsted – info. og oppfordring
06.01.08:	Perly Berge	Rapportering av nøkkeltal
12.01.08:	Nfjells	Referat frå møte i Øvre Numedal fjellstyre
14.01.08:	Hardangervidda fjelloppsyn	Aksjeoversikt
16.01.08:	Villreinutvalet	Info ang. radiomerking av villrein

Sak 05/08: Orientering av fjellstyresystemet

Magnus hadde lagd skisser som han foreleste rundt:

**Villreinforvaltning på Hardangervidda; utval og råd, utstrekking av areal, kvotefastsetjing, oppsyn, vern osv., fjellstyresystemet
Ei grundig utredning med innspel og spørsmål frå møtelyden**

Sak 06/07: Telefon- og adresseliste for Røldal fjellstyre 2008 - 2011

Leder:	Magnus Solbakken	53647191 / 90016265
Nestleder:	Helleik Rabbe	53647113 / 90760784 helleik.rabbe@hardangervidda.as
Sekretær:	Ingebjørg N. Seim	53647357 / 97723479 in-sei@online.no
Medlem:	Torleif Fesvik	53642351 / 91795085 torleif.fresvik@c2h.no
	Randi Legård	53647182 / 913 66 442 epost@haradalen.no
Vara:	Svein Myrheim	53647313 / 90801401 smyrh@online.no
	Olav Tveita	53647272 /
	Håkon Sandal	53641875 / 91645052 Haaksand@c2i.net
	Oddbjørn Lynghammar	53647294 / 90993551 roldal@roldalstunet.no
	Ellen Drangevåg	53647374 / 93443393 <u>ellen.drangevag@yahoo.no</u>

Sak 07/08: Kurs for nye fjellstyrer

**Kurs for nye fjellstyrer i Eidfjord 5. og 6. mars: Torleif, Magnus
Orientering om kursinnhald**

Sak 08/08: Søknad frå Røldal idrettslag og Røldal reiselivslag – støtte til brubygging
RIL og reiselivslaget søker om støtte til bygging av bru over Tufteelva:
kr. 20.000,-

**Vedtak: Røldal fjellstyre ser positivt på søknaden pga.
næringslivsutvikling og generell utvikling i bygda. Me vil ha regnskap over
faktiske utgifter før summen på 20.000,- vert utbetalt. Einstemmig**

Sak 09/08: Takk til medlem som går ut

**Dag Sverre Ekkje og Ellen Drangevåg går ut av styret som ordinære
medlem. Dei fekk kvart sitt trefat måla av Gunnvor Seljestad med takk for
godt samarbeid.**

Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Ingebjørg Nordby Seim, Randi Legård, Helleik Rabbe, Torleif Fresvik

Tid: 13.mars 2008 kl. 2000 - 2230

Sak 10/08: Ingen merknader til innkalling og godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 11/08: Samjaksavtaler

Torleif Fresvik har foreslått å forsøka å inngå gjensidige samjaksavtaler med Ullensvang statsallmenning nord for Hellevassbu og med Vinje sør for Hellevatnet mot Songa. Det er ønskeleg med eit møte. Magnus tar kontakt med fellesstyret for Odda og Ullensvang. Torleif former eit skriv og ber om eit møte med Beranuten Vest.

Vedtak: Røldal fjellstyre tek kontakt med styret for Berunuten vest og fellesstyret for Odda/Ullensvang statsallmenning om eit møte for å diskutera og evt. koma fram til samjaksavtaler.

HA 290 – Helleik Rabbe søkjer om samjakt med Røldal statsallmenning. Han forlet møtet.

Vedtak: Røldal fjellstyre går inn for samjakt med private vald i Røldal for 2008 ved foreslått kvote på 2000 dyr. Dersom auka kvote kan fjellstyre gjera om vedtaket.

Sak 12/08: Satellitt-telefon

Torleif har undersøkt mogleg bruk av satellitt-telefon til Eriksbu. Han har innhenta tilbod som krevjer eigne Sim-kort. Helleik undersøker og andre leverandørar.

Sak 13/08: Villreinmøte – vår

Magnus orienterar om saker for det årlege villreinmøtet og årsmøtet til Villreinutvalet. Villreinutvalet foreslår ei kvote på 2000 dyr.

Vedtak: Røldal fjellstyret støttar forslaget til Villreinutvalet.

Magnus, Ingebjørg, Torleif og Helleik reiser. Randi vert med dersom ho finn høve.

Sak 14/08: Kurs for nye fjellstyremedlem

Torleif deltok og var positiv til innhald og kvalitet. Han gav eit fyldig referat frå lærerrike dagar i Eidfjord. Han hadde med seg lovar og reglar av ny dato som alle fjellstyremedlem fekk.

Sak 15/08: Diverse skriv og meldingar + E-post

Årsrapport for Røldal fjellstyre frå Hardangervidda fjelloppsyn

Møtebok frå Hardangervidda fjelloppsyn

Referat frå møte i Eidfjord fjellstyre og ifrå Hyttestyret

Helleik Rabbe – E-post: samjaksøknad
Dorthe Huitfeld – utspelom kvotestørleik fra Johan Vaa
Vebjørn Håvardrud: Svar på kvoteutspel
Forespurnad om villreinjakt – Sveinung Byrkjedal
HF a/s – brannvern på hyttene, arbeidsrapport anno 02/08
Søknad om gåvepremie frå Skyttarlaget
Rekneskap frå Røldal idrettslag ang. brua over Tufteelva

Sak 16/08:

Moglege andre saker

Døra i Ninive bør byttast til ”stallmodell” – delt, jobb for HF
Løyver for køyring ligg hos Magnus
Ved må fraktast inn til Ninive, ved og gass og til Hellevatnet
Boss må hentast i Ninive
Søknad om lån av ”gamlebua” frå RKH, innvilga

Refarat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Ingebjørg Nordby Seim, Randi Legård, Helleik Rabbe, Torleif Fresvik, Tor Petter Stensland (rekneskapsførar)

Tid: 25.april 2008 kl. 1900 - 2130

Sak 17/08: Ingen merknader til innkalling og godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 18/08: Godkjenning av rekneskap
Tor Petter Stensland gjekk grundig igjennom rekneskapen med spørsmål frå styret. Generell kommentar: liten inntekt p.g.a lave kvoter. Reservekapitalen går sakte men sikkert nedover. Resultat 2007: underskot kr. 35.379,-
Diskusjon om avgrensing av utgifter og auka inntekter.
Magnus las revisjonsmeldinga. Rekneskapet einstemmig godkjent.

Sak 19/08: Satellitt-telefon
Helleik har undersøkt satellitt-telefon. Satellitt-telefon har fungert godt i påsken, men nye satelittar er under oppskyting slik at dekningsgraden kan verta dårlegare til hausten. Telefon som kan brukast med private sim-kort vert kjøpt inn i Eriksbu. Regelverk for bruk vert utarbeidd, basert på tillitt. Helleik skaffar utstyr.

Sak 20/08: Prisar på jakt- og fiskekort 2008

Storviltjakt

Fritt dyr:	1000,-	2000,-
Simle/ungdyr:	700,-	1400,-
Kalv:	300,-	600,-

Småviltjakt

1 dag:	200,-
2 dagar:	300,-
3 dagar:	400,-
Veke:	600,-
Sesong:	300,- (innanbygds + utflytta røldølingar)

Fiske

1 dag:	50,-
3 dagar:	100,-
Veke:	150,-
Sesong:	300,-
Felles veke:	300,-
Felles sesong:	500,-
Garnfiske:	250,- (innanbygds)

Hytteleige Overnatting pr. pers. pr. døgn: kr. 50,- (innb.) kr. 100,-
(utanbygds), arbeidsfolk – ligg gratis. Betaling - giro

Einstemmig vedteke

Sak 21/08: **Div. skriv og meldingar – E-post**

25.3	Nfjells	Røldal ift. Nettsted
26.3	Sveinung Olsnes	Tilstandsrapport
26.3	Bjørn-Eirik Hervik	Søknad om villreinjakt
31.3	NJFF – Oslo (Schjøll)	”
2.4	Widar Sahr	”
6.4	Torleif Fresvik	Søknad om samjakt, Ullensvang
”	”	”, Vinje
8.4	Erik Larsen	Søknad om villreinjakt
9.4	Åge Kolaas	”
12.4	Jorgen.olsen – norske skog	”
14.4	Dorthe Huitfeldt	Reaksjoner i media på HV som PanPark
16.4	Bjarte Seim	Søknad om villreinjakt
18.4	Lars Arne Bay	Referat fra ROU-møte
22.4	Ulvik fjellstyre	Årsmelding og møterreferat
25.4	Hardangerv.fjelloppsyn	Leir for innvandraringdom

Post

Eidfjord fjellstyre	Referat frå styremøte
Odda kommune	Møte med arealplanleggarar
Norges fjellstyresamband	Innkalling til årsmøte
SfH	Referat frå vårmøte - Skinnarbu

Sak 22/08: **Moglege andre saker**

- Røldalsmarknaden søknad om gevinst til friluftslotteri – ikkje jaktkort, men anna gevinst: jakke el.l – til ein verdi på ca. 2500,- Jaktkortsøknad blir i lavvoen.
- Veg i Middyr, opningstid før jakta – taes opp med Hydro (sak neste møte)
- Beiteleige, Ståvassvikja – same leigetakar fortsett, presisering av vedlikehaldsansvar
- samjaksavtale med Vinje, taes opp på årsmøte der
- SNO, henvending om heve i fjellet og forsøppling (sak neste møte)
- Skjerm for framføring av bilete (sak neste møte)

Styremøte i Røldal Fjellstyre 010708

Referat

Styremøte i Røldal Fjellstyre blei holdt på matrommet til Odda Energi, avd. Røldal. Tilstades var Magnus Solbakken, Helleik Rabbe, Randi Legård og Torleif Fresvik. Ola Tveita var kalla inn som varamann for Ingebjørg Nordby Seim (ferie), men han kunne ikkje møta.

Sak. 23/08 - "Godkjenning av innkalling/saklista"

Det blei framsett forslag til endring av saklista slik at sak 25/08, "Trekking av jakkort" blei flytt til sak 31/08, siste sak. Ny sak 25/08 blei då "samjaktavtalar" osv.

Innkallinga/saklista blei ellers godkjent.

Sak 24/08 - "Godkjenning av protokoll"

Godkjent uten merknad.

Sak 25/08 – "Samjaktavtalar"

Røldal Fjellstyre hadde sendt forspurnad til Fellesstyre for Ullensvang Statsalmenning og til styret for Vinje kommune si eigedom Berunten Vest om gjensidige samjaktavtalar.

Frå Fellesstyre for Ullensvang Statsalmenning fikk Røldal Fjellstyre avtale om samjakt for det området det var søkt om. Avtale er skriftlig og er underteikna av begge partar.

Det var også positivt svar frå Berunuten Vest, men vilkåra for å få avtalen var slik at Røldal Fjellstyre måtte takka nei dette året. Berunten Vest satte som vilkår at Røldal Fjellstyre måtte gi ei.n kompensasjon på 10% av fellingsløyva til Berunten.

Sak 26/08 – "Overføring av jaktkort"

Saka blei drøfta og det blei gjort følgande vedtak.

Det blir ikkje mulig å overføre kort frå ein jeger til ein annen før alle på varamannslista har fått kort.

Sak 27/08 – "Jaktlag"

Saka blei drøfta og det blei gjort følgande vedtak:

Det blir ikkje åpna for jaktlag på Røldal Statsalmenning i 2008.

Sak 28/08 – "Nattfredning"

Saka blei drøfta og det blei gjort følgande vedtak:

Det blir nattfredning på Røldal Statsalmenning fra kl. 1900 – 0700 heile jaktperioden 2008.

Sak 29/08 – "Refusjonar"

Saka blei drøfta og det blei gjort følgande vedtak:

Ubrukte fellingsløyver som blir levert tilbake til Fjellstyret til og med 31. august blir refundert med 100% av kjøpesummen. Ubrukte fellingsløyver som blir levert tilbake til Fjellstyret fra 1. september til og med 10. september blir refundert med 50% av kjøpesummen. Varamenn betalar full pris for kort innlevert til og med 31. august og halv pris for kort innlevert mellom 1. og 10. september.

Sak 30/08 – "Andre saker"

- Oppbevaringsboksane i "Gamlabua" og "Eriksbu".

Det er i dag ikkje oversikt over kven som har oppbevaringsboksar i hyttene. Når ein har oversikt vil det bli sendt ut brev med krav om leige for boksane til dei som har. Nokre boksar står tomme og fleire som har boksar har flytta frå Røldal. Ledige boksar kan leigast, dette vil bli kunngjort seinare.

- Overføring av fellingsløyver frå andre områder.

Det blei gjort vedtak om å la jegerar med kort frå andre områder enn Ullensvang Statsalmenning, samjakt frå 1. september, sleppa inn på Røldal Statsalmenning etter 10. september. Alle i Røldal Fjellstyre har fullmakt til å signera kort som er tillatt overført.

- Garnfiske

Det blei foreslått å kunna fiska med inntil 10 garn i Nedre Hellevatn fra 1. august 2008. Dette blei drøfta og Røldal Fjellstyre gjorde følgande vedtak: Det blir åpna for fiske med inntil 10 garn i Nedre Hellevatn fra 1. august 2008. I Uravatnet er det framleis fritt fiske uten garn eller maskebegrensning.

Sak 31/08 – "Trekking av jaktkort"

Det blei føreteke trekking av jaktkort. Lista blir hengt opp på Handelslaget.

Torleif Fresvik
referent

Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Tid: 14. august 2008 kl.1700 - 2000

Til stade: Magnus Solbakken, Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Randi Legård

Utdeling av jaktkort med fylldig informasjon til jegarane.

Sak 32/08: Sal av sessongsmåviltjaktkort til utanbygds
Etter forespurnad har me vedteke å selja sessongkort på småviltjakt til utanbygds for kr. 1200,- for 2008-09.

Ingebjørg Nordby Seim
Randi T. Legård
Torleif Fresvik
M. Solbakken

